

Omdømmebygging og rekruttering i Sunnhordland



Omdømmebygging av Sunnhordland er eit langsiktig arbeid for å styrkja regionen som arbeids- og buregion.

Bedrifter treng kompetanse, regionen innbyggjarar. Sunnhordland kan sjåast på som ein felles bu- og arbeidsregion. Kommunar og bedrifter har felles interesser i å henta inn arbeidskraft til Sunnhordland.

Rekruttering handlar om meir enn sjølve jobbinnhaldet og løns- og arbeidsvilkår.

Jobb til partner/ektefelle, lokalmiljø, bustadprisar, skule- og barneha- getilbod er forhold som spelar inn ved val av arbeidsstad og kvar ein skal busetje seg.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland arbeider kontinuerleg for å gjera det enklare for enkeltverksemdene å rekruttera arbeidskraft. Innan omdømme- og rekrutteringsarbeidet ligg moglegheiter for dykk som bedrift.

Omdømmepartner (pakke 1)

Din bedrift får høve til følgjande ved å delta i samarbeidet:

- Vere ein aktiv støttespelar som synleg bidreg til å byggje eit sterkt Sunnhordland gjennom omdømme- og rekrutteringsprosjektet
- Delta på inntil 2 **Sunnhordlandstreff årleg** der det er fokus på rekruttering, omdømme- og nettverksbygging
- Delta på ambassadørtreff - nettverkssamlingar med faglig innhald for samarbeidsbedrifter og kommunar
- Eiga Vimeo-fil til nedlasting av **Sunnhordlandsfilm**, samt bruk av denne
- Logo på nettstaden www.buisunnhordland.no med link til bedrifta si nettside. Synleggjering av t.d. stillingsannonser på websida og facebookside.
- Bruke Sunnhordland-roll ups ved arrangement
- **Profilering** på nettstaden www.buisunnhordland.no, Facebook, Snapchat og Instagram (@buisunnhordland)
- Profilering på messer der Samarbeidsrådet for Sunnhordland er tilstade
- Bruk av Sunnhordlandslogo

Med atterhald om endringar

Pris pr. år: kr 30.000,- eks mva

Omdømmepartner (pakke 2)

- Vere ein aktiv støttespelar som synleg bidreg til å byggje eit sterkt Sunnhordland gjennom omdømme- og rekrutteringsprosjektet
- Delta på 1 **Sunnhordlandstreff** pr år der det er fokus på rekruttering, omdømme- og nettverksbygging
- Delta på ambassadørtreff - nettverkssamlingar med faglig innhald for samarbeidsbedrifter og kommunar
- Eiga Vimeo-fil til nedlasting av **Sunnhordlandsfilm**, samt bruk av denne
- Logo på nettstaden www.buisunnhordland.no med link til bedrifta si nettside. Synleggjering av t.d. stillingsannonser på websida og facebookside.
- Bruke Sunnhordland-roll ups ved arrangement
- **Profilering** på nettstaden www.buisunnhordland.no, Facebook, Snapchat og Instagram (@buisunnhordland)
- Profilering på messer der Samarbeidsrådet for Sunnhordland er tilstade
- Bruk av Sunnhordlandslogo *Med atterhald om endringar*

Pris pr. år: kr 15.000,- eks mva

Velkommen til å bli med å byggja Sunnhordland for framtida!

For å delta i prosjektet, ta kontakt med:



Anne Synnøve Lønne
Mobil: 922 62 150
e-post: post@buisunnhordland.no eller
asl@samarbeidsraadet-sunnhordland.no

Samarbeidsrådet for Sunnhordland
Postboks 444
5403 STORD

Gode høve for å knyte kontaktar for framtida på Sunnhordlandstreff



Forklaring til elementa i partnarpackane

Sunnhordlandstreff og Ambassadørtreff

Framtida for Sunnhordland avheng mykje av tilgangen til arbeidskraft, og me tilbyr dykk eit større rekrutteringsgrunnlag å velje i. Samarbeidsrådet for Sunnhordland vil årleg arrangere minst to møtestader der dykkar bedrift saman med andre bedrifter, kommunar og offentlege etatar har stand og møter studentar, ferdig utdanna personar og andre med interesse for Sunnhordland. Her vert det jobbmessa – der de som bedrift har høve til å knyte til dykk personar med kompetanse som passar dykkar verksemd - me er tydelege i marknadsføringa kva bedrifter/kompetansebehov som er tilstade. De og dei frammøtte får ein nyttig kveld med både underhaldning og servering.

I framkant av sjølve messa vert det arrangert **ambassadørtreff for alle utstillarar**. Her er det interessante føredrag, samstundes som de får høve til utvida bedriftsnettverket dykkar og styrkja relasjonane til næringsliv, politikarar og offentleg sektor elles i Sunnhordland.

www.buisunnhordland.no

Nettportalen www.buisunnhordland.no er den naturlege staden å hente informasjon knytt til det å bu og leva i Sunnhordland. Her finnest alle utlyste stillingar i regionen, presentasjon av næringslivet med lenkjer til bedrifter, bedriftsoversyn for Sunnhordland med framtidig kompetansebehov, dei ledige bustadane i regionen (for siste månad, søk via finn.no), oversyn over festivalar og andre kulturelle arrangement, presentasjon av oppvekst-, skule- og utdanningstilbodet i Sunnhordlandskommunane, alle kommunane er presenterte, generell presentasjon av Sunnhordland og infrastruktur i regionen, kulturkalenderen for dei neste 3 månadane med direkte bookingknapp for arrangement – det meste av det ein treng av informasjon om regionen vår.

Nettsida har kvart år fleire titals tusen besøk.

Sunnhordlandsfilm

For å kommunisera ut til potensielle arbeidstakarar og nye innbyggjarar eller samarbeidspartnarar for bedrifter og andre er det produsert fleire film som formidlar mangfaldet i regionen, både innan jobb og fritid. Sunnhordland vert formidla som bu – og arbeidsregion med følgjande sentrale budskap:

- o Fagleg utfolding med gode bukvalitetar
- o Livskvalitet
- o Gode oppvekstvilkår
- o Arbeidsplassar med verda som marknad
- o Jobb for to – breidde i arbeidsplassar, berekraft
- o Breidde i sosiale og kulturelle tilbod
- o Kort reisetid til storbyar og utlandet
- o Andre urbane tilbod som er aktuelle for målgruppa

Desse filmene får dykkar bedrift høve til å nytta, for eksempel ved bedriftsbesøk, i rekrutteringsarbeidet, på nettsida dykkar osv. De får eigen tilgang til nedlasting av filmen via vimeo. "Sunnhordlandsfilmen" vann i 2014 Gullsild, i 2015 vann den **"Best direction"** i FilmAT (Warszawa) samt i **Cannes Corporate Media & TV awards**. I 2021 vart det produsert ny film - lansering blir på nyåret 2022.

Sunnhordland-roll ups

For dykkar potensielt nye arbeidstakarar er det viktig å ha ein jobb. Men ein skal også leve og bu, i tillegg til det å jobbe. De får høve til å synleggjere det unike ved å både jobbe og leve i Sunnhordland ved bruk av inntil 5 roll ups, som Samarbeidsrådet for Sunnhordland har produsert.

Bruk av roll ups må avtalast i framkant av arrangementa de vil bruka dei på.

Bu i Sunnhordland på Facebook, Instagram og Snapchat

Facebook er den viktigaste møteplassen i det digitale landskapet. Bu i Sunnhordland på facebook er staden der følgjarane får tips til kva som skjer i regionen, både innan næringsliv, kulturliv og på andre arenaer.

Di bedrift får gjennom partnarpakken vidarekommunisert nyhende frå bedrifta som har allmenn interesse, t.d. ledige stillingar. Dette er vidare med på å synleggjere mangfaldet i arbeidslivet innan regionen.

Bu i Sunnhordland er eit «positivt» nettsamfunn der me har hovudtyngd på positive saker. Følgjarane er gode ambassadørar for regionen vår, og spreier gjerne nyhenda vidare. Følgjarane er genuint interesserte i Sunnhordland, og lenkjer til ledige stillingar, bustad og kulturarrangement har høgt engasjement.

Bu i Sunnhordland har også ein eigen profil på Instagram og Snapchat. På Snapchat skal samarbeidsbedriftane sine tilsette få vise sin kvardag på jobb ved planlagte "take-over" av Bu i Sunnhordland sin Snapchatkonto.

Profilering

Samarbeidsrådet for Sunnhordland og omdømme- og rekrutteringsprosjektet

Bu i Sunnhordland deltek på både utdannings- og rekrutteringsmesser i og utanfor regionen Sunnhordland.

Som partnar vil di bedrift verte ekstra profilert og fremja på dei messene og ved dei arrangementa omdømmeprosjektet deltek. Dette kan vere utdanningsdagar eller anna, der ein viser kompetanse og kompetansebehov i regionen.

Via prosjektet, får de høve til å dela ut informasjon og anna profileringsmateriell og dykkar bedrift vil verte ekstra omtala. Dette gjeld også når nyhende og informasjon om arrangementa blir delt på www.buisunnhordland.no eller via andre digitale kanalar.

Profilering innbefattar ikkje sal eller annonsering av egne produkt.

Sunnhordlands-logo

Sunnhordlands-logoen er ein felles profil for bedrifter, kommunar, lag og organisasjonar som marknadsfører Sunnhordland. Dykkar bedrift kan nytta Sunnhordlands-logoen i all kommunikasjon, trykt eller digitalt saman med dykkar eigen logo.

Gjennom bruk av logoen syner ein mangfaldet og samhaldet i regionen, og den er også med å skapa ei oppfatning av regionen som felles arbeids- og buregion.

